

› Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar **opplæring i norsk og samfunnskunnskap** for innvandrarar og flyktningar med rett til opplæring etter § 17 i [introduksjonslova](#), og **grunnskuleopplæring for vaksne**, eventuelt realkompetansevurdering på grunnskuleområdet etter [opplæringslova kap. 4A](#). Per 15. oktober 2022 var det 30 deltakarar på norskopplæring og 5 deltakarar på grunnskuleopplæring.

Giske kommune forlenga ikkje avtalen med Hareid kommune knytt til kjøp av vaksenopplæring, med ønske om å sende ut nytt konkurransegrunnlag til Ålesund og også Hareid kommune.

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap

IMDI (Innvandrings- og mangfoldsdirektoratet) betaler ut tilskot til norskopplæring. Kommunar med meir enn 4 personar med rett til norsk og samfunnskunnskap fekk i 2022 eit tilskot på totalt 2 079 077 kroner. Persontilskot utgjorde 1 452 877,- Grunntilskot 626 200,-

I tillegg får kommunane utbetalt persontilskot etter fastlagde satsar i inntil 3 år.

Mottekne tilskot 2022	
Grunntilskot for 30 personar	1 452 877
Persontilskot for 5 personar	626 200,-
Ekstra tilskot pga. korona	
Samla tilskot 2022	2 079 077